



Årsmelding

2020

Fusa sokn



A. Innleiing

Året 2020 har vore eit heilt spesielt år.

For det første har det vore første driftsåret under Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Frå 2020 er altså Fusa sokneråd sitt arbeid berre retta mot kyrkjelydsbyggjande arbeid – og «Ordning for Den norske kyrkja» sin § 12 får eit enno sterkare fokus. Der står det:

"Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet".

Frå 2020 er det soknerådet sitt arbeid å fokusere på dette, og det er Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd si oppgåve å ta seg av forvaltninga av kyrkjer og kyrkjegardar. Men begge råda må samarbeida godt for å gjera kvarande i stand til å gjera godt arbeid.

For det andre er 2020 sterkt prega av korona-pandemien. Nedstenging av arbeidet, delvis oppstart att, nye nedstengingar, nye nasjonale reglar, nye lokale reglar, avstenging av kyrkjebenkar og så nye rundar med nye reglar. Spriting, liste-føring, vasking, avstand, maks-tal og munnbind var ein stor del av kyrkjelydsarbeidet i 2020. Både frivillige og tilsette har gjort ein formidabel jobb for å halda så mykje som mogleg av aktivitet i gang midt i pandemien. Her i Fusa har me faktisk klart å halda mange jul i gang i kyrkjelyden, på tross av situasjonen.

B. Gudstenester

Gudstenestene er pulsslaget i kyrkjelyden! I 2020 var det til saman 89 gudstenester inkl. skulegudstenester, gudstenester på institusjon og friluftsgudstenester. Det var totalt 4124 til stades på gudstenestene, mot 7252 i 2019. Gjennomsnittstalet pr gudsteneste var om lag 46 deltakarar og talet på nattverdgjester var 588. Desse tala er sterkt prega av pandemien. Store delar av året var det berre lov med opp til 50 deltakarar på gudstenester, og nattverd vart ikkje halden i 7 av månadane i 2020.



Nokre lekmannsgudstenester vart haldne av dei skulerte frivillige medarbeidarane, både gudstenesteleiing og forkyning. På julaftan fekk me gjennomført seks gudstenester der tre av desse vart haldne av leke gudstenesteleiarar, frivillige musikarar og andre frivillige medarbeidarar. 3 av julegudsteneste vart p.g.a. korona haldne som friluftsgudstenester og 3 som begrensa gudstenester i kyrkje, institusjon og bygdahus.



Julaftan
utanfor
Sundvor
kyrkje

C. Trusopplæring

Trusopplæring har vore eit satsingsområde gjennom mange år – og aldersspekteret er 0-18 år!

Det er viktig å skilje mellom kontinuerlege tiltak som er t.d. søndagsskule, kor m.m og breiddetiltak i trusopplæringa. Vi har bra oppslutning om trusopplæringsarbeidet for fleire alderssteg, men for andre grupper er det relativt låg deltaking. Det er framleis ei oppgåve å skape medvit hos foreldra om at dåp og opplæring høyrer uløysleg saman, slik at deltaking i trusopplæringa kan verta normalisert for alle døypte.

Dessverre ramma pandemien trusopplæringa vår hardt. Nesten alt av det vanlege barne- og ungdomsarbeid har vore delvis eller helit nedstengd i lange periodar. Me må berømma trusopplæringsmedarbeidarane våre som har kome opp med nye kreative tiltak som ein har kunna gjennomføra. Dette fekk me gjennomført:

Babysong (0-2 år) vart delvis gjennomført både inne og ute vinter og haust.

3 år – Pakke med adventskalender lagt i postkassen.

4 år – eit tilbod til alle døypte 4-åringar. Utdeling av Barne-Bibel i lokalkyrkja klarte me å gjennomføra hausten 2020.

5 år – Hausttakkefest (gudsteneste) saman med 4-åringar. Utdeling av korssmykke

Konfirmantåret – eit omfattande tilbod til alle 14-åringane. Siste del av opplegget for 2020-konfirmantane vart avlyst og konfirmasjon vart flytta til september.

13-18 år – Ungdomsgudstenester + leiartrening (After-konf.)

Alle som har eit års dåpsdag får tilsendt spisebrikke og to års dåpsdag «God-natt»-plakat

Av spesielle ungdomstilbod i 2020 kan nemnast:

- 2 ungdomsgudstenester med gj.sn 60 deltakarar der ungdomane har utgjort til vanleg 25-35.
- After-konf. For konfirmantar (dei får tilbodet) og eldre ungdomar.
- Vekesvise Kahoot for After-konfgjengen og for konfirmantane
- Venneveko – digital aktivitet



Konfirmantleiren hausten 2020

Fusa Soul Children og Fjorden'n barnekor har blitt ramma av pandemien og har ikkje hatt aktivitet etter 12. mars 2020.

Ein gjennomførte ein danse-weekend med SubUrban lovsangsdans i oktober. 15 ungdommar deltok og overnatta på bedehuset. Vart avslutta med oppvisning og gudsteneste søndag kveld.

Barnekoret "Songbuketten" har kunna møtast ein del p.g.a. at dei er alle same kohorten på skule og barnehage.

Søndagsskulen i Fusa kyrkje under høgmessa har ikkje vore i drift etter 12. mars.

Dåpsperm og CD

Alle som døyper borna får utdelt ein lokalt tilpassa dåpsperm og CD med lokale song- og musikk-krefter.

D. Diakoni

Diakoni er kyrkja si omsorg for medmenneske. Fordi Gud har elska oss først.

I dette pandemi-året har diakoni-gruppa i kyrkjelyden hatt fleire tiltak. Stor takk til dei mange frivillige og dei gode tilsette me har som har gjort ein stor innsats for fusingar med ekstra behov i

desse tider. Litt av det som vart gjort:

Matgåve-Matglede: Samarbeid mellom kyrkja, frivilligsentralen, Nav og Fjord'n Senter: 24 matkassar med julemat vart delt ut til personar og familiar som hadde meldt behov (4 gonger meir enn i 2019).

Mat for meir enn 50 000,- vart delt ut.

Diakonigruppa i kyrkjelyden skreiv og delte ut **julehelsingar** til meir enn 100 einslege/einsame personar i soknet. Dei delte òg ut lys og helsing til dei som sit igjen åleine etter dødsfall siste året.

Det vart laga til og delt ut meir enn 50 «**Donald-helsingar**» til familiar i soknet.

«Donald-helsing» er pakke med ein bunke Donald-blad, bøker med gode ord, smågåver og helsingar/gode ord.

Diakoni-gruppa laga og delte ut **advents-oppsatsar** med adventshelsing til institusjonar i Fusa.

Initiativ i staben om **direkte kontakt** med einskilde i kyrkjelyden, jmf. korona-einsemd.

Gjennom gravferd vert det utført diakoni, elles skjer det meste av diakonien uorganisert gjennom einskildmenneske som stiller opp for andre. Det skjer gjerne i regi av frivilligsentralen og gjennom

barne- og ungdomsarbeidet. Det er særleg grunn til å peike på frivilligsentralen sitt store arbeid i dette stykket.

Fusa Frivilligsentral er eigd av Fusa sokneråd og er på den måten ein del av kyrkja si diakonale teneste.

Frivilligsentralen har eiga årsmelding som syner deira store breiddeengasjement. Ein vil her også nemne Bruktbuo og arbeidet som spring ut derifrå – viktig nettverksbygging – og inntekter derifrå kjem både brannskadde born i Etiopia til gode og det kristne barne- og ungdomsarbeidet lokalt.

Vigsel. Det var 6 vigslar i 2020.

Gravferd. Det var 34 kyrkjelege gravferder i 2020. Gravferdene er såleis ein vesentleg del av dei kyrkjelege tilsette si teneste.

Besøksteneste - I samarbeid med frivilligsentralen har ein tilbod om besøksteneste. Dette er ei svært viktig teneste. Lokalt er truleg einsemd mellom gamle og sjuke den største diakonale utfordringa vi har, og korona-situasjonen har bidrege til større einsemd i 2020 enn vanleg. Men pandemien har òg gjort besøksteneste vanskeleg å gjennomføra.

Naudhjelp – Det mest kjende er den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, som i 2020 var digital og gav rekordstore kr.71.000,- (kr.40.400,- året før).

Institusjonstenester - Det vart gjennomført 30 institusjonsandaktar og mange besøk til enkeltpersonar på institusjonane.

Rusførebyggjande arbeid - Det rusførebyggjande arbeidet skjer særleg på ungdomsnivå – gjennom soknerådet sitt konfirmantarbeid og ungdomstilbod.

Flyktningar

Det er dei seinare åra kome fleire flyktningar til kommunen. Dette utfordrar oss også som kyrkjelyd, og som medmenneske i kyrkjelyden har vi involvert oss på ulike måtar. Fleire har også vore inviterte til å vere med på gudstenester og andre kyrkjelege arrangement. Same kva religiøs tilknytning flyktningane har, må vi gjere vårt for at dei skal føle seg velkomne og finne seg vel til rette hos oss. Frivilligsentralen er aktive i integreringsarbeidet i samarbeid med andre.

E. Misjon

Frå 2012 har vi hatt eitt, samla misjonsprosjekt i Fusa – elevstipend til studentar ved Tabor utdanningssenter i Hawassa i Etiopia. Dette gir ungdom som elles ikkje ville hatt høve til det – eit Bibelskule- og utdanningstilbod. Frå 2016 har Fusa kyrkjelyd dessutan finansiert skulepengane til to studentar ved Tabor Utdanningssenter. Det vart samla inn om lag kr.15.094,- til elevar og studentar i 2020 (kr.28.500,- i 2019).

Frå sommaren 2016 har Fusa sokneråd også engasjert seg i arbeidet for å hjelpe brannskadde born i Etiopia – gjennom Children Burn & Wound Care Foundation (CBWCF) og dr Einar Eriksen sitt arbeid. I 2020 hadde me ein stor aksjon – Walk&Run. Denne aksjonen gav eit stort engasjement i heile soknet. Pandemien gjorde at ein måtte tenka nytt og ikkje ha den store folkefesten i Eikelandsosen som ein har hatt 2 gongar tidlegare. Trusopplæringsleiar Stefan sprang meir enn halvannen maraton, frå Sundvor til Strandvik, til inntekt for saka. Og på tross av pandemien var folkefesten og engasjementet kanskje større enn nokon

gong. Og dette gav heile 333 000,- til føremålet! Stor takk til alle fusingar for innsatsen!

I tillegg går 50% av overskotet i Bruktbuo til dette arbeidet.



Eit fantastisk løp av Stefan, og stort engasjement i bygdene, førte til 333.000,- kr. til brannskadde barn.

F. Anna kyrkjelydsarbeid

Forbønsteneste – Fusa sokn har eigen bønekontakt som enkeltmenneske kan ta direkte kontakt med for forbøn.

Bønekontakten har eit bønennettverk som blir involvert når enkeltmenneske ønskjer det. Sjølv sagt kan ein også ta kontakt med prest eller andre i kyrkjelyden som ein har tillit til – om det er ønske om forbøn.

Forbønstenesta er aktiv.

Det er faste bønensamlingar annankvar onsdag frå kl 17.30 til 18.00 på forskjellige stader i kommunen; Foer bedehus, Boga bedehus, Nordtveit bedehus, Eikelandsosen bedehus og i Hålandsdalen kyrkje. Viktige samlingar der ein regelmessig ber for og velsignar det som skjer i dei forskjellige bygdene. Desse samlingane har ein i stor grad kunna halda fram på tross av pandemien.

Kveldsbibelskule – Hausten 2020 har ein arrangert undervisningskveldar på Eikelandsosen bedehus. 6 kveldar vart det før ein måtte stenge p.g.a. korona. Om lag 40 personar har vore påmeldt dette kurset der sokneprest Einar og kapellan Anette-Emilie Gangstø har undervist grundig. 45

min. frå gamle testamentet og 45. min frå nye testamentet kvar gong.

Tilbakemeldingane på dette tiltaket er veldig gode, og er særleg eit godt tiltak i periodar ein ikkje har Alpha-kurs.

Bibel- og samtalegrupper – der er fleire bønne- og samtalegrupper – nokre av desse er kome i gong etter initiativ frå soknerådet. Ta kontakt med soknepresten om du ønskjer å vere med i ei slik gruppe.

Kvinnenes Internasjonale bønnedag -

Kvinnenes Internasjonale bønnedag er første fredag i mars kvart år. Dette har vore markert i Fusa i mange år. I 2020 hadde ein ei felles samling i soknet og då i Eikelandssosen bedehus. Dette er eit økumenisk tiltak.

Felleskyrkjeleg arbeid

Soknet har godt samarbeid med kristne lokale lag og organisasjonar; m.a. bedehus, barne/ungdomsklubbar og kor.

Kyrkjemusikk 2020

Ved ein del gudstenester hadde kantor ansvar for innslag av lokale kor eller solistar. Kyrjekoret var med på nokre av dei. Koret «Sine Nomine», også leia av kantor, deltek òg på gudstenester m.m. Slikt korarbeid har i 2020 vorte sterkt ramma av korona-tiltak. Alle dei tradisjonelle julekonsertane vart avlyste. Soknet arrangerte i staden, men god sponsor-støtte frå lokalt næringsliv, ein utandørs julekonsert ved Fusa kyrkje 22. desember. Rundt 120 menneske møtte opp i vinterkulde og regn.

Informasjon

Fusa kyrkjeblad vart gitt ut 6 gongar i 2020. Dessutan er ein bevisst bruken av lokalmedia med annonsering og informasjon. Kyrkjelyden er aktiv på Facebook. Søk opp Fusa sokn. Ein har også bygd opp ein base der ein sender ut SMS 1-2 gongar pr veke. Der er om lag 150 mottakarar av SMS ved årsskifte. Fusa sokn har og ei nettside på Den norske kyrkja sin plattform. Søk på: www.kyrkja.no/fusa.

G. Samarbeid skule, barnehage og kyrkje

Der er eigen plan for samarbeidet skule – barnehage – kyrkje – som er vedteken av både kommune og sokneråd. Av tiltak her kan nemnast julevandring, påskevandring og pinsevandring; "Sjekk kyrkja", "Vandring gjennom Bibelen" eller anna tilbod for 11-åringane, diverse skule- og barnehagebesøk, skulegudstenester i adventstida m.m.

Planen er vanskeleg å gjennomføre pga skulane sin økonomi til transport. Planen vert revidert og gjennomgått våren 2021 i lag med skuleeininga i Bjørnafjorden kommune.

Lite av planen har vorte gjennomført i 2020 p.g.a. pandemien.

H. Medarbeidarskap

Tal uløna medarbeidarar har vore stabilt omlag 140 dei seinare åra. Desse saman med dugnadsfolk reknar ein med *utfører to til tre årsverk* kvart år. Det er ei stund tilbake i tid ein berekna den samla tidsbruken. Stadig større utfordring å få frivillige medarbeidarar som kan gå inn å ta leiaransvar, òg å binde seg over tid! Medarbeidarskap har over tid vore eit av satsingsområda til soknerådet. I 2020 var det registrert om lag 50 frivillige

medarbeidarar som på rundgang tok del i førebuing og gjennomføring av gudstenester i soknet. På grunn av ekstra smitteverntiltak, har ein hatt bruk for ekstra mange frivillige for å klara å gjennomføra gudsteneter i 2020. Og folk har stilt opp – det er me takksame for. Mange frivillige deltek i trusopplæringsarbeidet, tillegg kjem frivillige som tok del i det diakonale arbeidet, familie-mix, komité- og utvalsarbeid, og anna arbeid som t.d. kakebaking og kyrkjeskys.

Soknerådet vedtok i 2017 «Plan for medarbeiderskap» med fokus på dei uløna medarbeidarane. Planen gjeld for perioden 2018-2021. I 2020 vart fleire tiltak for og saman med frivillige medarbeidarar utsett eller avlyst p.g.a. pandemien, men noko vart gjennomført:

- Medarbeidargudsteneste 25. oktober.
- Utdeling av Bibelleseplan for kyrkjeåret des. 2020 – nov. 2021

Utval

Soknerådet har formelt oppnemnd 8 fagutval, 5 kyrkjeutval og 1 gudstenesteutval. Ein god del av fagutvala har ikkje fungert dei seinare åra, og ein har kanskje arbeidd meir med ressursgrupper. Alt utvalsarbeid er frivillige tenester. Soknerådet har dessutan oppnemnt ulike kontaktpersonar, m.a. til forbønsteneste og Kirkens Nødhjelp. Soknerådet vil i komande periode gå gjennom utvalsstrukturen for å sjå om ein finn betre løysingar for ein del område, også med tanke på at ein no er eit reindyrka kyrkjelydsråd.

J. Soknerådet sin økonomi

Årsmeldinga viser til budsjett og rekneskapsrapport for 2020. Fusa sokneråd har etter tilhøva tilfredsstillande økonomi, p.g.a. at ein har litt reservar på bok i tilfelle trange tider. Men desse små reservane forsvinn fort viss ein må tæra på dei fleire år på rad. Difor er det viktig for soknet å halda oppe fokuset på gjevarteneste og at det er kyrkjelyden i lag som held aktivitetsnivået på eit høgt nivå gjennom gåver.

Og fusingane har verkeleg vore med å gitt i 2020 òg:

- Elevstipend Tabor inkl studentane Kassa og Shimelis: kr. 15 094,-
- Brannskadde born i Sør-Etiopia: ca kr. 408.460,- inkl overføringar frå Bruktbuo
- Diakoni i Fusa: kr. 40.400,-
- Kirkens Nødhjelp: kr. 71.000,-
- Eksterne offer: kr. 50.217,-
- Kyrkjelydsarbeidet: kr. 14.578,-
- Gåver til barne- og ungdomsarbeidet: kr. 168.443,- inkl. overføringar frå Bruktbuo
- Kyrkjeblad: kr. 78.766,-

Fusa sokneråd har hatt tradisjon for å vere blant dei kyrkjelydane i Noreg som har samla inn mest midlar (pr innb) til både eksterne og interne føremål, kanskje også i 2020, sjølv om me òg har hatt nedgang p.g.a. pandemien og færre gudstenester.

K. Organisering og endringar

Administrativt og personalmessig har det vore nokre endringar i 2020. Nytilsett kyrkjevevje for Os og Fusa, Kristine Fjeld, gjekk i februar 2020 ut i morspermisjon. Harald Geir Sæther, som då var assisterande kyrkjevevje/dagleg leiar for Fusa sokn, steppa då inn og tok på seg

kyrkjeveerjestillinga òg. Frå 1. jan 2021 er Kristne tilbake i kyrkjeveerjestillinga. Norunn Rød Markhus og Hans Einar Markhus har permisjon i to år då dei no er utsendingar i Kenya for NLM. Pandemien sende dei heimatt etter eit knapt år. Hans Einar gjekk inn midlertidig som dagleg leiar i Fusa sokn frå 17. august. Dette vart gjort permanent frå 1. oktober.

Endre Tveit har vore vikariat som konsulent for Hans Einar Markhus i 2020. Endre held fram i fast stilling, frå 1. jan 2021 i 80%. Stefan Andre Svendsen er i vikariat som trusopplæringsleiar for Norunn Rød Markhus fram til hennar permisjon går ut 1. august 2021.

Fusa sokneråd 2019-2023

Fusa sokneråd 2019-2023 består av:

Bodil Samnøy, Roald Samnøy, Sigbjørn Sundfjord, Toril Hjartåker Hauge, Lars Erik Dalland, Olaug Elise Mjelde, Roger Hoel og Stina Samnøy Skare. Varamedlemmer: Britt Mari Gjerde, Jan Ole Høiby Hansen, Øyvind Nordbø, Samson Øpstad og Marte Hafstad-Johansen.

Roald Samnøy har vore leiar og Olaug Elise Mjelde nestleiar for Fusa sokneråd i 2020. Soknerådet har vald to medlemmer til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, Roald Samnøy og Lars Erik Dalland. Desse er valde for fireårsperioden. Roald Samnøy vart av fellesrådet vald som leiar for 2020.

L. Fusa sokn framover

Gud til ære – fusingar til gagn!

Det er det me er kalla til som kyrkjelyd.

Me har den største forvaltningsoppgåva ein kan tenkja seg – forvaltning av Guds ord.

Dette ordet skal såast i bygdene i Fusa –


såast i menneska her. Så er det Gud som gjev vokster.

Då må me be om at vårt arbeid blir til det gode for føremålet, at det me legg til rette for i Fusa byggjer Guds rike.

Midt i pandemien må me ha fokus på framtida. Me ynskjer å styrka alle deler av arbeidet vårt, men kanskje må me ta nokre viktige prioriteringar og. Det er ikkje sikkert at kyrkja vår i Fusa ser lik ut i framtida som den var før. Tidene og landskapet endrar seg, men det som er heilt sikkert er at Jesus er i går og i dag den same – ja, til evig tid.


Me bed om

- Vekst i kyrkjelyden vår
- Gode, trygge fellesskap i kyrkjelyden vår
- Eit disippelgjeraende barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden vår
- Eit sterkt misjonalt fokus i kyrkjelyden vår
- Eit sterkt misjonalt fokus ut i verda i kyrkjelyden vår
- Diakonal tanke og handlekraft i kyrkjelyden vår
- Ei evangelisk og styrkjande forkynning i kyrkjelyden vår
- Å få vera ein inkluderande kyrkjelyd.




Hans Einar Markhus
Dagleg leiar Fusa sokn

Eikelandsosen 08.04.2021


Sigbjørn Sundfjord
Leiar Fusa sokneråd